


Dagleg bøn i ei uviss tid



17.mai- 23.mai 2020

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

No vert det snart gudstenestefeiring i kyrkjene igjen- noko vi ser fram til! Men framleis er det mange ting som kjem til å vere annleis i tida framover.

Første gudsteneste vert på Helgetorsdag, 21.mai, i Volda kyrkje kl 1100. Det vert nattverd i gudstenesta. Denne vert også sendt på facebook.com/voldakyrkje.

Særlege smittevernstiltak er då på plass: Dei som er sjuke *må* halde seg heime. Alle må halde minimum 1 meter avstand til andre, og sitje på tilviste plassar i kyrkja. Vi må også avgrense felles bruk av inventar og utstyr i kyrkjene. God hygiene er avgjerande.

Det er plass til inntil 50 personar i gudstenestene. I nokre av kyrkjene våre er det likevel ikkje plass til så mange. Ei oversikt over kor mange som kan vere i den enkelte kyrkja vert tilgjengeleg på volda.kyrkja.no. *Vi kan ikkje sleppe inn fleire enn maksimalt tillete tal i den enkelte kyrkja.* Dersom du treng å halde av ein plass på ei gudsteneste, kan du ringe Volda kyrkjekontor tlf 70 07 40 90 innan fredag kl 12 før gudstenesta. (Når det gjeld gudstenesta Helgetorsdag må vi ha denne meldinga innan onsdag 20.5 kl 12)

For å kunne halde gudstenester er vi pålagte å halde oversikt over kven som er tilstades. Dette vert gjort ved at vi fører liste over dei som kjem til kyrkja, i tråd med styresmaktene sine pålegg. Denne lista vert oppbevara i 10 dagar for eventuell smittesporing, og deretter makulert.

Neste gudstenestedag vert deretter søndag 24.,mai kl.1100, også i Volda kyrkje. I pinsa vert det gudstenester i Dalsfjord, Kilsfjord, Volda og Hornindal (felles med Storfjorden og Austefjord sokn)

Gudstenesteplanen for juni finn du i [kalenderen på nettsida vår](#).

Prestane i Volda

Matias Austrheim, Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal,
Ingeborg Matre

Søndag 17.mai– Grunnlovsdagen

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 127, 1-3 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 1, 50-53

Andakt av Ingeborg Matre

Så lenge eg kan hugse, så har eg alltid gleda meg til 17. Mai!
Då vi var små, var det om å gjere å stå opp så tidleg som råd. Å,
som vi gleda oss til å gå ut, dra til byen og vere med i toget! Eg
vaks opp i Stavanger. Vi var mange born heime, og mor hadde

gjort finstasen vår klar om kvelden den 16. mai: Speidardrakter, korpsuniformer og bunadar. Nystrøkne skjorter på rekke og rad, og norske flagg og laaange 17. Mai-sløyfer. Alt måtte vere klart til den store dagen!

Før eg sjølv byrja på skulen, fekk eg bli med tanta mi, faster Solveig, og klassa hennar. Faster hadde gått på lærerskule her i Volda, og var «frøken» på Buøy skole. Det var bra stas, å få gå saman med dei i det lange barnetoget gjennom byens gater. Då eg vart skulejente sjølv, gjekk eg saman med klassa mi, og seinare i flaggborg med speidarane.

For mange er dette med 17. Mai-tog noko av det viktigaste med heile dagen! Det høyrer no med. Anten ein går i toget sjølv, eller ein ser på, og heiar på kjende og ukjende. «Hurraaaa!»

Det blir ein spesiell nasjonaldag dette året. Corona og smitteverntiltak gjer at vi ikkje kan feire slik vi pleier. Det blir ikkje fullt av folk ute i gatene, slik det brukar å vere på 17. Mai. Glade born og vaksne, is og brus og varme pølser. Leikar for borna og taler for dei vaksne. Det blir ikkje 17. Mai-tog heller. Men feire, det skal vi likevel!

17. Mai er verkeleg ein dag å feire, og vi har mykje å vere glade og takknemlege for her i dette vakre landet vårt. Tak over hovudet og mat på bordet, gode skular og barnehagar, eit fungerande helsevesen og hjelp når vi er sjuke. I det siste har vi vel verkeleg fått augene opp for nettopp det. Dei siste månadene er det mange som har sakna venner og fellesskap, og vanlege «rammer» i kvardagen. Vi er mange som har fått kjenne på sakn, og som ser kor heldige vi er – «til vanleg».

Det har vore – og **er** ei spesiell tid akkurat no. Ikkje berre her, men i heile verda. Mange er redde og usikre for framtida. Somme har mista arbeidet sitt, og inntekta si. Det er ikkje lett,

men tross alt er vi heldigare stilt enn mange andre land i verden. Vi har tross alt ordningar som gjer at folk kan få økonomisk hjelp (på NAV). Sjølv om det kan vere veldig krevjande, så skal vi sleppe å svelte her i landet. Vi har tak over hovudet, og vi veit at vi får legehjelp når vi treng det.

I år markerer vi at vi i 75 år har kunne feire vår nasjonaldag i fridom og fred. Mange av dykk hugsar kanskje korleis det var, med krig og ufred i landet? Med rasjoneringar og strenge restriksjonar, med frykt, og ei usikker framtid. Sjølv har eg vakse opp med forteljingane, ikkje minst om fredsdagene i '45! Om jubelen, lettelsen og feiringa. Og gleda! Eg har med meg historia frå mi familie, de har kanskje dykkar. I dag tenkjer vi alle med takksemd på dei som kjempa og stridde for å gi oss fridomen, og sikre freden. Det er verkeleg noko å vere takksame og glade for!

Mange stader i vår verd lever menneske dagleg med krig og forfølging, i fare og på flukt. Lat oss aldri gløyme å løfte blikket, opp og ut, til alle som ikkje er like heldige som oss sjølv i «livets store lotteri».

Vi må aldri «tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer oss selv»! Det følgjer eit ansvar med alt vi har fått, og ei moglegheit. La oss stå saman med våre søskjen, nært og fjernt, i deira kamp mot urett og overgrep, og for fred og rettferd. Jesus sa at det de gjer mot ein av desse mine minste søskjen, det gjer de mot meg. (Mt 28,40)

Vi feirar 17. Mai-gudsteneste i dag. På ein litt annleis måte enn vanleg, men vi kan likevel kjenne at vi er saman. I takk og bøn – og i feiring. I preiketeksten sto det nokre liner:

«Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene fåfengt.

Dersom Herren ikkje vaktar byen, vaker vaktmannen fåfengt...»

Akkurat desse orda tok diktaren Elias Blix opp i salmen vi kjenner som "Fedrelandssalmen". Den skal vi synge saman snart. «*Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja. Vil Gud ikke verja hus og land, kan vaktmann oss ikkje tryggja.*»

Det handlar kanskje om perspektiv? Om å sjå ting i den store sammenhengen, om takksemd - Til dei som gjekk føre, og ikkje minst til Gud. Vi har mykje å takke generasjonene før oss for. Dei som har arbeidd, «kjempet og grett» for at vi skulle få det så godt. Grunnlova vår, som vi også feirar i dag, byggjer på kristne og humanistiske verdiar. Likeverd, demokrati, rettferd – for alle.... Vår materielle velstand er ikkje ein rett vi har. Det følgjer eit stort forvaltaransvar med. Og no er det vår tur, og vårt ansvar. Å ta vare på, forvalte, og gje vidare.

Og å dele. Av den som har fått mykje, blir det også venta mykje. Vi har fått mykje, og vi har mykje å dele av! Vi har fått mykje, og vi har mykje å takke for! Lat oss aldri gløyme å gje Gud takk og ære, også på denne store dagen i vårt land. Gratulerer med dagen!

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,

fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Nådige Gud,
takk for landet vi bur i, for grunnlova vår og fridomen.
Vi bed deg:
Lat namnet ditt vera heilagt blant oss.
Vak over landet vårt,
vern oss mot hovmod og lær oss å vera gjestfrie.
Gje alle folk og nasjonar på jord eit verdig liv i fridom og
fred,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen

(Dagens bøn for 17.mai)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For landet vårt, for grunnlov og folkestyre

For lokalsamfunnet vi er ein del av

For 17.maifeiringa dette spesielle året

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme: 759 Fagert er landet

T 1907 Anders Hovden

M 1609 Melchior Vulpus

1 Fagert er landet du oss
gav,

Herre, vår Gud og vår
Fader!

Fagert det stig av blåe
hav,

solli ho sprett og ho
glader,

signar vårt land i nord og
sud;

såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

2 Likjest vårt folk i mager
jord
skjelvande blomen på
bøen,
står utan livd i vind frå
nord
tett innmed kanten av
snøen.
Herre, du ser med
miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og
fred,
er oss så kjærleg ein
Fader.

3 Her ned i grunnen
sveitten rann
trufast åt fedrane våre.
Her dei sin heim og
hugnad fann,
dogga med smil og med
tåre.
Her har det flødt ei
såkornflod
varm av vårt beste
hjarateblod,
her har me grorbotn å
veksa.

4 Tidi ho renn som elv
mot os,
fort skifter sumar med
vetter.
Fader, ver alltid Noregs
los
radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vårt
Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til
flud,
lær oss å gå dine vegar!

5 Signa då, Gud, vårt folk
og land,
signa vårt strev og vår
møde,
signa kvar ærleg
arbeidshand,
signa vår åker med grøde!
Gud, utan deg den vesle
urt
veiknar og visnar,
bleiknar bort,
ver du oss ljuset og livet!

S © Saatkorn-Verlag GmbH, Abt.
Advent-Verlag

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Måndag 18.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 36, 6-11 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Efesarbrevet 3, 14-21

Bøn

Å Gud, ver du min kjærleik, mitt håp, mitt arbeid og mitt
strev. Lat alle mine tankar og ord flyte frå deg. Lat mitt
daglege liv vere i deg, og kvart andedrag eg tek vere for
deg.

(Nr 65 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Skular og barnehagar

Alle som arbeider med helse og omsorg

Alle som er sjuke

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 677 En bønn er gjemt i hjerteslagets rytme

T 1975 Svein Ellingsen

M 1975 Trond H.F.

Kverno

1 En bønn er gjemt i
hjerteslagets rytme:

Vår Gud, la gleden aldri
bli tatt fra oss.

La gleden føre livet frem
til modning

igjennom alt som møter
oss på jorden.

2 Vi ber deg, Gud: La
gleden alltid finnes
som en usårlig kjerne i
vårt indre!

La gleden fylle våre sinn
med jubel når vårbrudd
etterfølger golde dager!

3 Vi eier del i Kristus-
livets rikdom!
Å, hvilken grunn til
uopphørlig lovsang!
Vi skal få leve under
Nådens hvelving
fra dåpens daggry til vår
siste time!

4 Vi ber deg, Gud: La
gleden over livet
få bringe oss tilbake til
vår neste,
selv om vi ennå gjemmer

oss bak murer
og, blinde for din godhet,
går og klager.

5 Hver stund som hjertet
slår, skal bønnen lyde:
Vår Gud! La gleden aldri
bli tatt fra oss!
La gleden gi oss kraft så vi
kan leve
for dem som trenger oss
vår tid på jorden.
Amen.

© Norsk Musikforlag

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet

Tysdag 19.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 25 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Daniel 9, 17-19

Bøn

Herre, høyr mi bøn, lat mitt rop nå fram til deg!

(Nr.54 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Leiarar og folkevalde i verda, Noreg og Volda.

Dei som arbeider for å lindre naud over heile verda

Dei som er forfølgde for si tru rundt om i verda.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme 629 Langt bortom rømd

T 1895 Augusta Lönborg

O 1939 Nils Lavik

M 1906 Julius Dahlöf

1 Langt bortom rømd som
blånar,

lenger enn soler går,

høgre enn stjerner strålar,

den barnlege bøni når!

Åndi frå skuggestrender

lyfter sitt vengepar,

bankar på himmelporten

og søkjer sin heim, sin

Far.

2 Verdlaust vert alt i
verdi,
maktlaus kvar jordisk
ven,
sjeli finn ro og feste
åleine i himmelen.
Såraste sorg skal stilna,
mørker til morgon snu,
berre du trutt vil vandra
på bøni si himmelbru.

3 Veikaste barn som
vender
hjarta til Herren sterk,
maktar langt meir enn
kjemper
som lit på sitt eige verk!
Måtte me alltid minnast
kvar me i verdi går,
at til Guds eige hjarta
den barnlege bøni når.

O © Yngve Lavik S © Aud Ree Moen

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Onsdag 20.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 107, 1-9 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Matteus 7, 7-12

Bøn

Fred vere med dette huset!

Herre, gjev oss litt sol, litt arbeid og litt glede!

Gjev oss, i strevet og møda, vårt daglege brød og litt smør!

Gjev oss helse og ei skikkeleg løn og litt til overs for dei fattige!

Gjev oss sunn sans, for det treng dei fleste, og eit hjarte som føler med dei som har det vonde.

(nr.226 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Alle som arbeider for freden si sak i verda

For alle barn og unge

Alle som sørgjer etter å ha mista nokon

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 631 Det er makt i de foldede hender

T 1955 Trygve Bjerkrheim

M 1962 Øivind Tønnesen

1 Det er makt i de foldede hender.

I seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud du dem vender,
han har lovet at svar skal du få.

Omkved

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

2 Du som ber for ditt barn,
dine kjære,
er i forbønn fra år og til år,
om du tålmodets lekse må lære,
himlens bønnesvar engang du får.

Omkved

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog

skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

3 Det er makt i de foldede hender
når i Frelserens navn du får be.
Og engang når du livsløpet ender,
hvert et bønnesvar klart skal du se.

Omkved

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

T og M © Udd-Johansen & Hals co/
Norsk Musikforlag A/S S © Kjetil Bjerkestrand

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet.

Helgetorsdag - 21.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Tekst: Salme 110, 1-3

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 16, 19-20

Andakt av Kristian Myklebust

Kristi himmelfartsdag er ein dag der Jesu fråvere vert påtakeleg!

Før denne dagen hadde Jesus bokstaveleg tala vandra saman med læresveinane. Frå denne dagen vert «å vandre med Gud» noko anna enn det hadde vore for læresveinane: det vert ein metafor på å leve i tru på ein vi *ikkje* ser med augene vår.

Tida mellom Jesu oppstode og Jesu himmelferd er forunderleg lite omtala i Bibelen, og vi kan undre oss over kvifor. Det står at han lærte dei, men lite om kva han lærte dei desse 40 dagane. Samtidig ser vi at allereie i denne mellomtida vekslar han mellom å vere der og vere borte, han et saman med dei, men han kan også brått vere i eit rom med ei låst dør. Men frå denne dagen kjem han ikkje lenger. Han er borte for dei, slik han er borte for oss. Han «vart teken opp til himmelen og sette seg ved Guds høgre hand», slår Markus sakleg fast. Sjølv om evangelia ikkje framstiller det som ei sorg for læresveinane at Jesu vert teken opp til himmelen, må det jo i realiteten ha vore ei krise for læresveinane, ein situasjon dei ikkje heilt visste korleis dei skulle handtere,: Kva no? Korleis skulle dei, dei, klare det store oppdraget dei hadde fått, utan Jesus? Markus fortel rett nok at «dei gjekk ut og forkyste alle stader og at «Herren var med dei og stadfeste Ordet med dei teikna som følgde med» Men Lukas fortel at først måtte dei vente i Jerusalem, vente på kraft og ande til å fortelje om Jesus.

Situasjonen for oss som vil være Jesu læresveinar i dag liknar: Jesus er borte for augene våre; vi har Ordet om han og vi har teikna han har gitt oss, men vi ser han ikkje. Nokre gongar er det vanskeleg å sjå spora av han også. Likevel er kallet vårt det same- å vere vitne om at Jesus er levande og at han har fullført forsoninga, oppgåva med å føre menneske og Gud saman på ny, då han døydde og stod opp att. Men vi heller skal ikkje gjere dette av eiga kraft, gjennom å ta oss saman, vere flinke og dyktige, og streve ut evangeliet i verda. Vi treng den same

Anden som læresveinane måtte vente på. Det er ein god ting også for oss å bruke desse dagane til pinse til bøn om kraft og visdom frå Anden. For ved Den heilage Ande, som verkar på tusen måtar, og på nye og uventa måtar, kan vi her vi er vere vitne om Guds nærvere alle stadar, også på stadar der ein ikkje ventar det.

Vi lever i ei verd som er oppteken av synlegheit. Vi er nok mange som skulle ønske meir synlegheit frå Gud. Men vår Gud er også ein Gud som skjuler seg, som er større enn alt, som er usynleg- men som ber oss, si kyrkje, om å vere Kristi kropp, synleg tilstades i verda- for å lindre naud, forkynne evangeliet om Jesus og gjere godt mot andre. Vi skal synleg feire gudsteneste og gjere Guds kjærleik synleg med våre hender og føter; vi skal teikne Jesus Kristus for andre, slik at dei kan sjå han og tru.

Kristus vart teken opp til himmelen, men vil vere synleg i verda gjennom si kyrkje. Dette er mysteriet på Kristi himmelfartsdag, saman med mysteriet vi feirar kvar søndag- at Kristus, Himmelkongen, også gjer seg synleg for oss i brødet og vinen, slik at vi får ta i mot, ete og drikke, og tru på han. Slik er han framleis nær oss, heilt nær, heilt til dagen då vi skal sjå han som han er- dagen då Gud gjer alle ting nye.

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,

vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Allmektige Gud,
du har opphøgd Son din Jesus Kristus
og sett han ved di høgre hand.
Vi bed deg:
Gje oss din Ande, så vi kan forkynna evangeliet for alle
folkeslag,
inntil Kristus kjem att og gjer alle ting nye,
han som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen

(Dagens bøn på Helgetorsdag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Om Guds nærvere i alle ting

Om at Anden blir gitt oss- på nytt

For gudstenestefeiringa i kyrkjene -for første gong på lenge

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 222 Kristus, konge, du regjerer

T 1960 Patrick Appleford

O 1964 Olaf Hillestad,
1964 Olaf Hillestad, 1964
Olaf Hillestad, 1964 Olaf
Hillestad

M 1960 Geoffrey
Beaumont

1 Kristus, konge, du
regjerer,
all vår styrke er fra deg!
Jomfrusønn som
triumferer,
lydig gikk du korsets vei.
Med ditt offer vant du
seier,
mørkets makter måtte fly.
Vis oss hvilket håp vi eier,
gjør din kirke sterk og ny!

2 Herre, se til oss her
nede,
fri ditt folk fra syndens
makt!
Med din nåde vær til
stede,
kall oss ut til hellig vakt.
Gjør oss skikket til å virke
for din sak i bygd og by.

Fyll med ånd og kraft din
kirke,
gjør den atter sterk og ny!

3 Herre, du har gitt oss
evner,
rike gaver ved din Ånd!
Styr oss så vi ikke stevner
ut av kurs på egen hånd.
Led oss så vi ydmykt
bærer
korsets skjensel, verdens
ry.
Mester, vær vår store
lærer,
gjør din kirke sterk og ny!

4 Herre, vi er ennå unge,
kalt til vitner for din sak.
Får vi byrder som er
tunge,
styrk vår rygg og hold den
rak.
Jesus, la oss være rede
når du kommer i din sky.
Gi din kirke mot og glede,
gjør den atter sterk og ny!

T, M og S © Josef Weinberger Ltd. O
© Arvinger etter Olaf Hillestad

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Fredag 22.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 143, 1-2, 8-11

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 24, 46-53

Bøn

Jesus Kristus!

Du er i din himmel bak tid og rom, og likevel så nær oss at du kan høyre oss når vi talar til deg.

Send oss din Ande med liv og kraft, så vi får opna augene våre og sprengt våre snevre grenser. Gjev oss glede og frimod til å vitne for alle folk på jorda om din siger og livet i deg, til du sjølv kjem, synleg for alle for å overgi Riket og Makta til din Gud og Far. For riket tilhøyrer han, frå æve og til æve. Amen.

(Nr 331 i bøneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For alle som er på flukt frå krig og katastrofar

Om rettferdig fordeling av godene

Bebuarane og dei tilsette på institusjonane i Volda kommune

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme 895 Ja, engang mine øyne

T 1954 Karl
Marthinussen

M omkr 1955 Alfred
Lunde

1 Ja, engang mine øyne
skal
se Kongen i hans prakt;
få tilbe i hans tempelhall
hans nåde og hans makt.
I et krystallklart hav av lys
forsvinner tidens natt og
gys,
forvandlet blir hver gåte
her
til lovsangsjubel der.

2 Og salighetens tonevell
skal bruse som et hav,
som sus av skog en
sommerkveld
når himlen er som rav.
Og gjenfødt all naturen er,
og ingen skygge faller
mer.
Og alt av skjønt mitt øye
så,
ny glans og glød vil få.

3 Men skjønnest er det
dog å se
Guds Lam så underbart,
med merkene fra korsets
tre
av seirens glans forklart.
Og dette lys er mer enn
sol,
det er Guds gylne
nådestol,
og støvets drakt som her
meg bandt,
blir klar som diamant.

4 Så er jeg frelst, så er jeg
fri,
så har jeg vunnet frem.
Så er min strid med ett
forbi,
så er jeg i mitt hjem,
det hjem min Frelser
lovet har
hver den som korset med
ham bar,
Guds paradiset, vårt rette
hjem,
det ny Jerusalem.

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Laurdag 23.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 100

Tekstlesing

Tekst: Efesarbrevet 4, 7-10

Bøn

Jesus, vi skal alltid koma. Du ventar. Så snur du alt om
til sist. Du er den som kjem. Vi ventar.

(nr 218 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I takkar og dag ber vi spesielt for:

For at Guds kjærleik søkjer nedover- til fattige, til utstøytte, til oss

Dei som er forfølgde for si tru rundt om i verda.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme 364 Så kom du da til sist

T 1999 Ylva Eggehorn

O 2006 Øystein Thelle

M 1999 Benny

Andersson

1 Så kom du da til sist, du
var en fremmed,
en sagnfigur man nok har
snakket om.

Så mange hadde laget

bilder av deg,

du sprengte alle bilder da
du kom!

Vi tok deg frekt til inntekt
for vårt eget

og flagget med ditt navn i
krig og fred,

vi bygde katedraler høyt
mot himlen, men du gikk
hele tiden lengre ned.

2 Du er et barn som ligger
på et jordgulv,
du fryser om vi ikke
griper inn.
Du tar på syke kroppar,
hater urett
og byr de elskende på
moden vin.
Du stiger ut av alle tomme
graver,
du er en vind som varsler:
det blir vår!
Du kommer som en
flyktning over fjellet,
du følger oss dit ingen
annen når.

3 Du er den sang om livet
som jeg glemte,

den sannhet jeg forrådte
dag for dag.
Jeg svek meg selv; det
speilet som jeg gjemte,
har dine dybder, dine
ansiktsdrag.
Kom nærmere, og bli hos
meg! Det mørkner,
og kanskje lysner det
igjen på ny.
Ditt liv skal bære meg; jeg
hører trosten,
som synger dagen inn før
morgengry.

T © Ylva Eggehorn O © Cantando
Musikkforlag AS M og S © Mono
Music AB 1999

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen✠ (Her kan du
teikne deg med krossteiknet)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

volda.kyrkja.no